



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dato: 20.03.2018
Vår ref.: 2018/7385-2
Saksbehandlar: ingskei
Dykkar ref.:

Bompengereforma - godkjenning av garantiar

Fylkestinget gjorde den 07.03.2018, sak 13/2018, vedtak om overføring av garantiar til det regionale bompengeselskapet Ferde AS for fire bompengeprojekt. Vedtaket lyder slik:

«Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

1. Bergensprogrammet / Bypakke Bergen
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 6 100 mill. kr (2017-kr).
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2037.
2. E39 Svevatjørn-Rådal
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 3 770 mill. kr (2017-kr)
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2038.
3. Austevollbrua
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 100 mill. kr.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2022.
4. Askøypakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 230 mill. kr (2017-kr).
Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.»

For Bergensprogrammet har ein auka garantiramma til 6,1 mrd. kr, slik det vart tilrådd i Prop. 11 S (2017-2018).

For dei andre prosjekta er garantiane stort sett i samsvar med det som tidlegare er godkjent til dei einssilde bompengeselskapa. Men for E39 Svevatjørn-Rådal og Askøypakken har ein justert opp garantibeløpa til 2017-kr, i samsvar med veksten i konsumprisindeksen.

Ein legg ved fylkestingsaka til orientering, og ber om godkjenning av vedtaket.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Ingvar Skeie
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Bompengereforma - overføring av garantiar til Ferde AS